



## Statens vegvesen

VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Kristin Hagen Hæreid /  
90296116

Vår referanse:  
21/42604-3

Dykkar referanse:  
2021/6981-1

Vår dato:  
22.04.2021

### Avslag endring av fartsgrense – fv. 49 – Kvamskogen – Kvam og Samnanger kommunar

Vestland fylkeskommune har sendt Statens vegvesen oppmoding om endring av fartsgrenseregulering lang fv. 49 i Kvamskogen.

Etter vurdering av saka har vi kome fram til at eksisterande fartsgrense bør behaldast på strekninga.

Skiltplanen sendt av Vestland fylkeskommune inkluderte trafikkregulerande skilt som kan bli vedtatt utan endring av fartsgrensa. Vi vil med dette be Vestland fylkeskommune om å utarbeide ny skiltplan for skilta som skal endrast, utan fartsregulerande skilt.

#### Vestland fylkeskommune si vurdering

Fylkeskommunen har med bakgrunn i tidlegare fartsgrensesak frå Statens vegvesen og kontakt med hyttebebuarar på Kvamskogen kome med innstilling til vedtak for fartsgrense 70 km/t frå fv. 49 S10D1 m4065 til m650, og fartsgrense 60 km/t frå fv. 49 S10D1 m650 til S09D1 m2877. Forslaget inneber at strekninga S10D1 m2290 til m650 vert føreslege nedsett frå 80 km/t.

Til vurdering for 60 km/t har dei vektlagd avkøyrslar der det er observert hjulspor til areal langs vegen, t.d. til brei grøft med gangsti mot hytte, garasjar eller avkøyrslar med veg til hytte. Som avkøyrslar til bustad har dei vurdert bustadavkøyrslar og avkøyrslar til fleire enn 10 einingar. Som kryss har dei vurdert avkøyrslar til større hyttefelt, skitrek, butikk og liknande.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

## Vår vurdering

Statens vegvesen har gått gjennom vurderinga til Vestland fylkeskommune for strekninga langs fv. 49 i Kvamskogen. Vi har i vår vurdering ikkje tatt stilling til framtidig utbygging langs strekninga, då fartsregulering skal legge til grunn noverande forhold.

### Fartsgrenser

Fartsgrense 60–70–80 km/t nyttast hovudsakleg på vegar med blanda funksjon. Vegar med blanda funksjon er hovudsakleg vegar utanfor tettbygd strøk, med både lokal, regional og nasjonal trafikk. Vegane nyttast både til tilkomst og transport.

For fartsgrensene 60–80 km/t vert det forutsett at trafikantar avpassar farta etter vegen sin utforming og lokale stad og vêrforhold, jf. vegtrafikklova §§ 3 og 6. Farlege svingar og andre krevjande vegforhold skiltast eventuelt med fareskilt eller tilrådd fart.

For at trafikantane skal respektere ei fartsgrense, må området rundt vegen vere av slik karakter at dei køyrande har forståing for fartsgrensa. Strekningar som får fartsgrense 60 km/t bør som oftast vere lette for trafikantane å kjenne igjen på grunn av busetnad, avkøyrslar og lokal aktivitet.

### Kryss og avkøyrslar

Vegnnormalane har ei felles definisjonsliste som definerer kryss og avkøyrslar. Avkøyrslar vert i definisjonslista definert som ein køyrbar fysisk samankopling mellom ein privat veg og ein offentleg veg. Kryss er i same lista skildra som samankopling mellom to offentlege vegar. I trafikkreglane opererer ein kunn med omgrepet vegkryss. Kryss vert her definert som stad der veg kryssar eller munnar ut i annan veg.

Skiltnormal N300 legg til grunn at kryss framfor forkøyrsvog skal vere skilta med skilt 202 «vikeplikt». Avkøyrslar skal kunn skiltast i heilt spesielle tilfelle kor andre verkemiddel ikkje kan nyttast. Etter kryss skal det langs forkøyrsvog settast opp skilt 206 «Forkøyrsvog» 40–80 m. Tilsvarande skal fartsgrenseskilt gjentakast etter vegkryss slik at eit fartsgrenseskilt er synleg innan 100 meter når det svingast inn på vegen. Normal for vegoppmerking, N302, skildrar at vikepliktregulerte kryss skal ha stipla kantlinje forbi kryssande veg saman med vikelinjer. Avkøyrslar skal ha samanhengande linje forbi avkøyrsla, men ved større avkøyrslar kan ein nytte stipla kantlinjer.

Fartsgrensekriteria legg til grunn geometrisk utforming og dagleg bruk for kryss. Dette stemmer ikkje naudsynt med trafikkreglane sin definisjon av kryss. Små sidevegar med dårleg geometrisk utforming bør reknast som avkøyrslar ved bruk av reknemodellen for 60 km/t. Om ei avkøyrslar skal reknast som kryss, bør dette gå fram av utforming, oppmerking og skilting på staden.

Samankoplingane mellom privat og offentleg veg på strekninga, er ikkje merka opp tilsvarande kryss langs forkøyrsvog. Ut frå dette, har vi vurdert at avkøyrslar til skitrekk og liknande ikkje bør reknast som kryss med mindre det går tydeleg fram av oppmerkinga og skiltinga på staden.

Ut frå vegnormalane sin definisjon av avkøyrslene ser vi at nokre av avkøyrslene som er registrert på strekninga av fylkeskommunen kan definerast som lomme eller vegskulder. Lomme er eit køyreareal som ligg inntil ytste køyrefelt (busslomme, parkeringslomme, m.m.) Vegskulder er den del av vegen som ligg utanfor kantlinja.

#### Forholda ved Kvamskogen

Då mange hytter vart bygd før det vart sett krav om opparbeid veg til parkeringsplass eller veg til hyttene, er det mange hytter som ikkje har parkeringsareal eller som har opparbeidd parkeringsareal langs vegen. Parkeringsarealet er gjerne på ei lomme langs vegen, på vegskulder eller i vegkant. I tillegg er det ei rekkje garasjar til hyttene som har tilkomst tett på vegen.

Bruken av avkøyrslene til fritidseigedom vil i stor grad variere. Fylkeskommunen legg opp til at tilkomst til hytter bør differensierast, noko reknemodellen for 60 km/t ikkje legg opp til. Vi ser derfor at resultatane på reknemodellen kan vere kunstig høgt.

#### Reknemodell for 60 km/t

Fartsgrensekriteria legg til grunn at ein ved vurdering av 60 km/t skal nytte reknemodell for 60 km/t. Strekningane som kan vurderast i modellen har lengde på 500–3500 m. Modellen nyttar til dømes tal fritidsavkøyrslar langs vegen og tilbod langs vegen som gjev aktivitet av gåande og syklande i vegbana.

Ved vurdering av delstrekningane fylkeskommunen nytta, kan ein med krav til utforminga av fritidsavkøyrslene få vesentleg lågare poengsum. Dette til dømes at fritidsavkøyrslar ikkje kan vere ei parkeringslomme langs vegen, eller at ei teljande fritidsavkøyrslar har separat tilkomst frå køyrebana.

Vi har vald å telje skisenter som utfartsstad/turområde. Om turutfart ligg på same sida av vegen som parkeringsplass, har vi i nokre tilfelle valt å ikkje telje med desse, då det ikkje skapar trafikk av gåande og syklande i eller langs vegen. Sjølv skitrekkar ligg i hovudsak langt unna vegen, og aktivitet av gåande i vegen er enten dei som bur på hytter i nærleiken, eller nyttar busslommer på andre sida av vegen. Aktiviteten av gåande til skitrekkar er berre i sesong.

Etter slik vurdering er ikkje 60 km/t aktuelt for delstrekningane.

Om reknemodellen ikkje gjev eit eintydig resultat, skal ein vurdere strekninga etter lokal kunnskap om stadlege forhold. Vi har difor sett på andre moment som har innverknad på aktiviteten på strekninga.

#### Vurdering av andre forhold

Strekninga som vurderast for ny fartsgrense 70 km/t og 60 km/t, er 8,8 km lang. I perioden 2009–2019, er det registrert 13 trafikkulukker med personskade på strekninga. Ingen av desse ulukkene hadde dødeleg utfall. Ulukkene inntreffe både vinter, vår, sommar og haust.

Den dominerande ulukkestypen er utforkøyringsulukker. Det er ikkje registrert trafikkulukker med personskaade i perioden 2003–2019, der den skadde var syklande eller gåande.

Det er noko sykkelaktivitet på strekninga då sykkelrittet Bergen–Voss går forbi Kvamskogen. Kvamskogen har periodevis mykje tilreisande, då særleg feriar og fridagar i periodar med snø. Elles er trafikken prega av dagpendlarar til Bergen frå Kvam og langtransport. I periodar med mykje aktivitet langs vegen, som i feriar og liknande må dei køyrande tilpasse farten etter forholda.

Vi har observert at mange avkøyrslar har dårleg sikt grunna vegetasjon. Dei ansvarlege for avkøyrslene bør halde sikttrekant fri for hinder høgare enn 0,5 m.

### **Konklusjon**

Delar av strekninga som vurderast for 60 km/t har mange avkøyrslar, men då avkøyrslene er både til enkelthytter eller til hyttefelt, er aktivitetsnivået varierende. Ut frå trafiksikkerheitsperspektiv, er det betre å samle avkøyrslene til ei felles avkøyrslar og sanere avkøyrslar til enkelthytter enn å sette ned fartsgrensa. Fysiske tiltak bør utførast i staden for å innføre fartsgrense 60 km/t.

Det er lite fastbuande på strekninga, og det vil truleg ikkje vere stor aktivitet av gåande og syklande langs strekninga på vekedagar. Å sette ned fartsgrense på grunn av tilrettelegging for gåande og syklande når det ikkje er mange gåande og syklande langs vegen, vil ikkje føre til respekt for fartsgrensa. Snarare kan nedsett fartsgrense føre til falsk tryggleik for dei gåande. Vi meiner av den grunn at fartsgrensa ikkje kan settast ned til 60 km/t og 70 km/t.

Skiltvedtak er ei lokal forskrift og utløyser ikkje klagerett etter § 28 i forvaltningslova. Det er heller ikkje høve til å be om overprøving etter § 31 i skiltforskrifta.

Transportforvaltning vest 1  
Med helsing

Torun Emma Torheim  
seksjonsleiar

Kristin Hagen Hæreid  
Avdelingsingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Vedlegg: 9

Kopi

KVAM KOMMUNE, Grovagjelet 16, 5600 NORHEIMSUND

SAMNANGER KOMMUNE, Tyssevegen 217, 5650 TYSSE

VEST POLITIDISTRIKT, Postboks 85, 6901 FLORØ